


Valle kommune



Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette

Etikkplakat

for folkevalde og tilsette i Valle kommune

Bedriftskulturen i Valle kommune skal spegle etiske kjerneverdier. Folkevalde og leiarar skal gå føre og motivere til etisk refleksjon og gode val.

Dei etiske kjerneverdiane i Valle kommune er:

openheit
truverdig
respekt
mot

Openheit

- Bidreg til openheit i alt arbeid og samhandling i kommune

Truverdig

- Opptrer truverdig
- Er klar på eigen rolle og unngå dobbeltroller
- Opptrer upartisk og praktiserer likebehandling
- Unngår gåver eller andre personlege fordelar som kan påverke tenestehandlingar, eller vekke mistanke om slik påverking

Respekt

- Er tydeleg på eige syn og har toleranse og respekt for andre sitt syn

- Er venleg, syner respekt og omtanke i møte med brukarar og publikum
- Syner respekt for personvernet og overhald teieplikta

Mot

- Seier i frå om kritikkverdige forhold til den det gjeld eller varslar til nokon som kan gjere noko med det
- Tek ansvar for at egne handlingar er i samsvar med dei etiske retningslinene
- Overhald lover og reglar og held seg lojalt til vedtak og avgjerder, når desse er i samsvar med kommunens etiske retningslinjer

1. Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Valle kommune

Dei etiske retningslinjene omtalar verdiar, prinsipp og retning for høg etisk praksis. Varsling gjer det muleg å rette opp kritikkverdige forhold.

Folkevalde og tilsett har eit sjølvstendig ansvar for at eigne handlingar er i samsvar med dei etiske retningslinjene. Folkevalde og leiarar er rollemodellar og skal legge til rette for ein bedriftskultur der etisk refleksjon er ein dagleg aktivitet. Leiarane skal sørge for at medarbeidarane er kjent med og etterlever kommunens etiske retningslinjer.

Etikkplakaten og varslingsplakaten er ein del av dei etiske retningslinjene.

1.1 Openheit

Openheit skal gjelde alle ledd i Valle kommune. Sjølv om opplysningane etter lova kan bli unnateke offentlegheit, skal det likevel ikkje vere sjølv sagt at det skal vere slik. Innbyggjaranes kontroll med forvaltninga føreset at det også vert høve til innsyn i forhold som ikkje er så bra som dei burde vere.

I ein open bedriftskultur legg leiinga til rette for alle tilsette har innsyn i og forstår dei vegval som vert tatt. Ulike syn og kritikk vert høyr, vurdert og respektert.

1.2 Truverdig

Truverdig betyr at folkevalde og tilsette opptre opent og ærleg i møte med innbyggjarar, brukarar, samarbeidspartar og kvarandre. Alle partar skal oppleve at informasjonen som kommunen gjev munnleg og skriftleg, inneheld korrekte og relevante opplysningar. Å vere truverdig er ein føresetnad for tillit og godt omdøme.

1.3 Lojalitet

Folkevalde og tilsette skal halde seg til lover og retningslinjer som gjeld for Valle kommunes verksemd og førehalde seg lojalt til vedtak og avgjerder, når desse er i samsvar med kommunens etiske retningslinjer. Det er ikkje lojalt mot Valle kommune å bidrage til å skjule kritikkverdige forhold.

1.4 Habilitet og rolleavklaring

Folkevalde og tilsette skal opptre upartisk og praktisere likebehandling. Kommunens interesser og personlege interesser skal ikkje blandast.

Den enkelte har sjølv ansvar for å opplyse om eigen habilitet og å tre til side når saka krev det. Dobbeltrollar og rollekombinasjonar som kan føre til interessekonfliktar eller påstandar om dette, skal unngåast.

Kommunens folkevalde og tilsette i sentrale leiar- og administrative stillingar skal registrere seg med aktuell informasjon i «Styrevervregisteret» til KS. Registrering og oppdatering skal skje ei gong i året. Rådmannen har ansvaret for registrering og oppfølging. Registreringa skal vere offentleg tilgjengeleg.

Det er ikkje ynskjeleg at kommunens overordna administrative leiing deltek aktivt i partipolitisk verksemd i Valle.

1.5 Kritikkverdige forhold skal rettast opp

Varsling er å vidareformidle opplysingar om kritikkverdige forhold til nokon som sjølv kan bidrage til at forholda vert retta opp. Kritikkverdige forhold kan vere brot på lov eller retningslinjer, uforsvarleg saks- eller klientbehandling, mobbing og diskriminering, eller anna kritikkverdig åtferd.

Tilsette i Valle kommune skal oppleve at det er ynskjeleg og trygt å sei ifrå om uro og kritikkverdige forhold. Negative sanksjonar overfor den som varslar er ikkje akseptabelt og i strid med arbeidsmiljølova § 2-4.

Eitkvart varsel medfører undersøkingsplikt. Den som vert varsla har ansvar for at saka vert fylgd opp. Varslaren skal ha tilbakemelding om oppfølging av saka. Dersom dei kritikkverdige forholda ikkje vert retta opp, kan det vere ynskjeleg med ekstern varslar.

Varslarens identitet er i utgangspunktet ei fortruleg opplysning, men varslaren må vere merksam på at det kan bli nødvendig å oppgjve identiteten i samband med nærare undersøking av saka.

Sjå elles «Retningslinjer for varslar m/utfyllande bakgrunnsinformasjon» for tilsette i Valle kommune.

1.6 Ytringsfridom

Alle tilsette har som samfunnsborgarar ytringsfridom og kan deltake i den ålmenne samfunnsdebatten. Ytringsfridomen gjev også tilsette rett til å uttale seg kritisk til forhold som gjeld verksemda dei jobbar i. Det gjev eit godt grunnlag for ein opplyst samfunnsdebatt at tilsette uttalar seg basert på fagleg innsikt.

Arbeidstakarane deltek i samfunnsdebattane på egne vegne. Kommuneleiinga har rett til å avgjere kven som uttalar seg på kommunens vegne.

1.7 Fortrulege opplysningar/informasjon

Alle saksopplysningar skal behandlast i tråd med offentleglova. Den lovpålagte teieplikta skal fylgjast.

Ein kvar bruk av personopplysningar skal sikrast på ein slik måte at enkeltpersonar ikkje vert skadelidande. Meldingar om kritikkverdige forhold knytt til namngjevne personar som vert samla inn og lagra eller vert behandla elektronisk, er å vurdere som personopplysningar. Kommunens varslingsrutiner skal praktiserast i tråd med personopplysningslova § 11. I tillegg skal rutiner leggjast opp slik at krava til datasikkerheit og sletteplikt vert oppfylt.

Opplysningar som vert motteke i samband med arbeidet i kommunen, må behandlast med respekt og ikkje bli brukt til personleg vinning.

Sjå elles «Handbok/plan for informasjonssikkerheit for Valle kommune».

1.8 Mobbing og diskriminering

Valle kommune er i mot ei kvar form for diskriminering og forventar at tilsette og folkevalde bidreg til å verkeleggjere denne haldninga.

Mobbing av kollegaer skal ikkje førekome. Tilsette har eit ansvar for å gripe inn eller varsle næraste leiar dersom dei oppdagar at kollegaer vert mobba på arbeidsplassen. Når næraste leiar opptrer uakseptabelt, skal saka om nødvendig bringast til neste nivå.

2 Gåver og andre fordelar

Folkevalde og tilsette skal ikkje utnytte si stillinga til å oppnå fordelar eller gåver av ein art som kan påverke eller vere egna til å påverke handlingar, saksførebuingar eller vedtak.

Gåver av låg verdi, slik som blomar, vin, konfekt og liknande vert ikkje omfatta av retningslinene.

Ved tilbod om gåver og fordelar som har eit omfang som går ut over kommunens retningsliner, skal næraste leiar bli kontakta. Slike gåver skal ikkje ein ikkje take imot, men sende i retur til avsendar saman med eit brev som gjer greie for kommunens reglar om dette.

Moderate former for gjestfridom og representasjon høyrer med i samarbeidsforhold og informasjonsutveksling. Graden av merksemd må likevel ikkje vere slik at den kan påverke vedtaksprosessar eller kan vekke mistanke om påverknad.

Reise- og opphaldsutgifter i fagleg samanheng skal dekkast av kommunen. Unntak frå dette prinsippet kan berre skje etter særskilt vedtak av rådmannen. Folkevalde legg slike saker fram for formannskapet.

Der kommunens innkjøps- og rabattordningar ikkje omfattar alle tilsette, kan ikkje tilsette og folkevalde krevje private fordelar på vegne av kommunen.

3 Anna arbeid

Arbeidsavtalen skal overhaldast. Tilsette kan ikkje utan vidare utføre anna lønna arbeid utanfor verksemda eller etablere næringsverksemd av eit omfang som kan gå utover vedkomandes arbeidsavtale med kommunen. Ekstra arbeid utanfor Valle kommune skal ikkje føre til at den tilsette kjem i uheldige dobbeltrollar, habilitetsproblem eller i anna form for konflikt med rolla som arbeidstakar i Valle kommune.

4 Privat bruk av kommunens utstyr

Kommunens bilar, tilhengarar m.v. skal som hovudregel berre nyttast i kommunens teneste.

Leiar avgjer om utstyret kan lånast ut til kommunalt tilsette til privat bruk. Slik bruk må ikkje vere til ulempe for arbeidsgjevar. Utlånet skal registrerast og brukaren står ansvarleg for utgifter og eventuelle skader som fylgje av utlånet.

Med privat bruk vert meint bruk som er i arbeidstakarens interesse. Kommunal bruk er bruk som er i arbeidsgjevars interesse.